

DEBATT & INNLEGG

I dag startar elgjakta og 60.000 jegerar gjer seg klare til å felle 35.000 elg. Det som skil årets jakt frå tidlegare er at fleire enn nokon gong leiger jakt på privat grunn, skriv *Bjørn Egil Flø*, forskar ved Norsk senter for bygdeforskning, *Stian Stensland*, stipendiat ved Universitetet for miljø- og biovitenskap og *Reidun Heggem*, forskar ved Norsk senter for bygdeforskning.

Stille revolusjon i skogen

Adri har det vore så lett å kome seg på elgjakt for den som ikkje har ein kjenning med jaktrett. Grunnen er ein jamt aukande interesse for å hente inntekter frå vilt- og fiskeressursane etter kvart som jord- og skogbruket kastar mindre av seg. Bønder og grunneigarar som forsøker å utvikle næringsverksemd vert diverre ofte skulda for å stenge ute ålmenta når jakt og fiske skal leigast ut til marknadspris. Landets leiande interesseorganisasjon for jegerar og fiskarar, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF), har ved fleire høve ropa varsku på vegne av dei som ikkje jaktar på eigen grunn (ålmenta) og deira tilgang til desse ressursane. Andre har vore ute og indirekte oppfordra bygdesam-

Bønder og grunneigarar som forsøker å utvikle næringsverksemd vert diverre ofte skulda for å stenge ute ålmenta når jakt og fiske skal leigast ut til marknadspris

funna til å stemple bønder og grunneigarar som «elghallikar» om dei skulle våge seg frampå å leige ut elgjakta utan bygds. Den som høyrer på dei og deira like kan få inntrykk av at grendene står føre både fråflytting og armod om utviklinga får halde fram.

I den landsomfattande spør-



NATURRESSURS. Ein fire år gamal elgokse på 250 kilo er felt og blir slakta. Artikkelforfattarane meiner at jakt- og fiskeressursane utgjør eit viktig inntekstpotensial for distrikta, og at ei auka kommersialisering av elgjakta både tener grunneigarane og ålmenta. Foto: Per Ståle Bugjerde

jeundersøkinga Norsk Monitor, har me spurt eit representativt utval på nærare 4000 nordmenn kva dei tykkjer om utviklinga. Det me finn teiknar eit bilete av NJFF som ein slags Don Quijote der han kjempar sin vonlause kamp mot trugsmål einast han sjølv ser.

Berre knappe ti prosent meiner tilgangen til jakt og fiske har vorte ringare som fylgje av auka tilrettelegging for utleige. Over 40 prosent meiner tilgangen anten har vorte betre eller at den ikkje har endra seg, medan bortimot halvparten meiner dei

ikkje veit nok om utviklinga til å svare verken det eine eller det andre. Det er med andre ord ikkje slik at folk opplever at tilgangen vert redusert som fylgje av auka tilrettelegging, snarare tvert om.

Ein gløymer lett at dei aller fleste har vore utestengt frå tilgang gjennom at ressursane alt var okkuperte av slekt og vener åt meir eller mindre sjølvdefinerte bygdehøvdingar kring om i grendene. Me har lenge nok vore vitne til ein statisk situasjon kring jaktressursane og delvis også fiskeressursane. Ei bar-

riere har vore desse høvdingane, der dei med sin hevdvunne jaktlagsleiarrang rår over ressursar som utgjør eit viktig inntekstpotensial i den framtidige utviklinga av grendene kring om i landet.

Ein stille revolusjon har gått føre seg i skog, fjell og vassdrag dei siste åra. Vilt- og fiskeforvaltninga er i endring, og stadig meir av ansvaret for forvaltninga har vorte flytta frå kommunar og fylkesmenn over til dei private grunneigarane sjølv. Til dømes har Bondelaget og Skogeierforbundet sitt ut-

marksarbeid dei siste ti åra bidrege til at over 200 nye utmarkslag har vorte skipa. I utmarkslaga går grunneigarane i eit område saman og organiserer sine små og store eigendomar i lag og får på plass formelle planar over større areal, noko som gir ein heilskapleg stammetta forvaltning av viltet og fisken.

Samstundes har organiseringa i større einingar opna for å kunne få eit økonomisk utbytte av jakt- og fiskeressursane gjennom utleige og tilrettelegging for brukarane. Dette har gjort grunneigarane meir medvitne om kva slags ressursar dei sit på. Jakt- og fiskeprodukta vert i større omfang enn tidlegare lagt ut på ein synleg og open marknad, og ikkje haldt hemmeleg for ein ringare krins bygdefolk.

Ein velfungerande marknad bringer fleire produkt fram i lyset, og ut på ein møteplass der kundane kan finne dei, noko som aukar tilgangen til jakt og fiske for folk flest. Formidlingskanalane Inatur og DinTur, samt mange andre, bognar av jakttilbod som alminnelege nordmenn ser ut til å ha interesse for.

Sjølv høvdingane har gradvis innsett at dei må gi etter for demokratiske prosessar. Også deira synspunkt vert gjort til gjenstand for opne drøftingar grunneigarane imellom. Resultatet ser me der ein har greidd å kombinere primærnæringane sine behov for auka inntekter med elgjakta si sosiale rolle som kulturell institusjon i grendene. Ein kan finne døme på det motsette, men summerer ein opp vil ein sjå at alt i alt er utviklinga positiv for både ålmenta og bygdesamfunna.

Retten til fiskekvoter

Professor emeritus Ottar Brox snakker om gratis tomter og store gaver fra staten i et forsøk på å mistenkeliggjøre fiskeindustriens behov for stabil tilgang på fisk i DN 19.09.06. Retorikeren Ottar Brox presenterer en direkte feil fremstilling av industriens behov. Hans analyse tar heller ikke utgangspunkt i dagens virkelighet og derfor bærer resonnementene galt av sted.

For å slå det fast først som sist: Fiskekvoter kjøpes og selges hver eneste dag. Omsetning av fiskerettigheter er et av de viktigste strategiske gjøremål for etablerte fiskebåtredere.



Geir Andreasen.

mannskap uten reell mulighet til å finansiere kjøp av rettigheter. Konsekvensen for fiskeindustrien er at råstofftilførselen blir stadig mer uforutsigbar. Derfor mener vi at også indus-

trien må gis adgang til å investere i fartøy på linje med dagens redere. Industrien ber ikke, som Brox påstår, om gaver fra staten. Å sørge for næringsutvikling er en politisk oppgave. Norske politikere har etablert gunstige ordninger for en rekke industriområder her i landet. Tilgang på billig kraft for kraftkrevende industri, nettolønnsordning for skipsfarten, statsstøtte til norsk landbruk og statlig støtte til markedsføring av norsk reiseliv er noen eksempler.

I fiskerinæringen eksisterer ingen slike ordninger. Når fiskeindustrien ber om å få lovlig adgang til å investere i flåten, er

det for å kunne ha samme vilkår som bedrifter eid av fiskebåtredere og som industri i andre land. Vi trenger derfor en ny fiskeripolitikk som ivaretar helheten, fisker så vel som fiskeindustri. Kysten trenger konkurransedyktige bedrifter. At den pensjonerte professor Brox fortsatt ikke liker at også Norge må tilpasse politikken i forhold til noen realiteter dersom vi skal ha konkurransedyktige bedrifter, får vi fortsette å leve med.

Geir Andreassen, administrerende direktør i Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening.

DN E-post: debatt@dn.no
Telefaks: 2200 11 10

Hovedinnlegg/kronikk:
Maks 4500 tegn (ca. 750 ord)

Underinnlegg/replikk:
Maks 1500 tegn (ca. 250 ord)

● Alt stoff som leveres til Dagens Næringsliv, må produseres i henhold til Vær Varsom-plakaten.

● Dagens Næringsliv betinger seg retten til å lagre og utgi alt stoff i avisen i elektronisk form, også gjennom samarbeidspartnere.

● Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innsendte manuskripter. Debattinnlegg honoreres ikke.

Debattansvarlig:
Tor Slette Johansen,
tlf. 2200 11 26 – 932 56 100